



FRIVILLIG- INFORMASJON

I dette heftet finn du informasjon om:

RETNINGSLINJER	FRAMMØTE	FESTIVALKART
FRIVILLIG-GODAR	OPNINGSTIDER	FRIVILLIGMAT
ARMBAND	ID-KORT	ARBEIDSANTREKK
PARKERING	GARDEROBE	TRYGGLEIK
FØRSTEHJELP	ROCKESTÆSJ/MERCH	VALHALL
CAMP/OVERNATTING	HØYRSELSVERN	AVFALL/MILJØ
GENERELL INFO	#hartetifestivalen #denbestefestivalopplevinga	SPELETIDER

www.malakoff.no/frivillig
www.facebook.com/frivilligmalakoff
www.instagram.com/frivilligmalakoff





Kjære frivillig: Vel møtt til Malakoff 2025!

Retningslinjer og vilkår for frivillige:

Du er ein del av sjølv hjartet til festivalen. Saman lagar vi gode opplevingar, relasjonar og minne for alle involverte, både medfrivillige, samarbeidspartar, artistar og publikum.

Vi tek godt vare på oss sjølve, kvarandre og arenaen.

Som frivillig aksepterer du følgjande vilkår:

- Vi er **blide, høflege, respektfulle** og **imøtekomande** mot alle
- Vi er alltid **edru og rusfri** på jobb for Malakoff
- Vi **møter opp i god tid**, blir **registrerte og jobbar vakt(ene)** vi har avtalt
- Vi gjer **oppgåvene** vi blir sette til og følgjer **instruksane** vi får
- Vi går med **ID-kort og vaktvest** når vi er på vakt
- Vi har tilgang til **mat og drikke** på frivilligmatområdet i Valhall når vi har vakt
- Vi avtaler med næraste overordna eller kollega når vi tar **pause**. Vi blir ikkje sitjande for lenge, festivalen treng oss.
- Vi **svarer** på spørsmål når vi kan, eller viser til infokanalar som www.malakoff.no
- Vi ber om **hjelp** viss noko er vanskeleg, og vi **hjelper kvarandre**
- Vi har eit felles ansvar for at det er **reint, ryddig og triveleg** på Malakoff. Ser vi avfall på bakken, plukkar vi det opp og kastar det på rett stad.
- Vi startar sløkking og melder frå til overordna viss det oppstår **brann**
- Vi melder eventuelle **avvik** eller **uønska åtferd** til næraste overordna
- Vi **sjekkar ut** hos vår leiar når vakta er slutt, og leverer frå oss ID-kort og vest/forkle
- Vi oppheld oss ikkje i frivilligområda og brukar publikumsinngangen **når vi ikkje er på vakt**

Brot på vilkåra blir sett på som avtalebrot og kan føre til inndraging av festivalarmband og fakturering av festivalbillett. Ein kan miste retten til å vere frivillig i framtida.

Hjarteleg TAKK for at DU er Malakoff-frivillig!

#hartetifestivalen
#denbestefestivalopplevinga

Frammøte:

 **Tidspunkt:** Møt i god tid, om lag 15 minutt før avtalt vakttid. Slik kan vi kome i gang med informasjon og opplæring til rett tid, og alle skal før den tid også registrerast, få ID-kort og vaktvest.

Frammøtestader:

- **Miljøvakter** og **campvakter** møter i VALHALL, Sandplassen 1
- Frivillige i **bar og mat/kiosk** møter i AKKREDITERING/FRIVILLIG rett ved festivalinngangen

Nokre frivilliggrupper skal møte direkte på stasjonen, og nokre skal hente billettarmband i skranken i frivillig/akkreditering. Disse får beskjed om det. Spør oss gjerne om du er usikker.



I Valhall finn du:

- **Frivilligmat:** Pauserom med mat og drikke for frivillige som er på vakt.
Opningstid fredag og laurdag kl. 10-24.
- **Miljøvakt og campvakt** baseområde, registrering, vaktskift Alle miljøvaktene blir her registrerte og får utdelt ID-kort og vaktvest. Her blir du også henta for gjennomgang av rutinar og oppstart vakt. Du kan også bruke baseområdet som garderobe medan du er på vakt.
- **Toalett** for frivillige som er på vakt

I teltet akkreditering/frivillig ved festivalinngangen finn du:

- **Skranke kl. 10.00-01.30 fredag og laurdag:** Informasjonssentral for frivillige og akkrediterte. Her kan du mellom anna hente billettarmband utanom vaktskift, til dømes viss du skal inn på festivalområdet før vakta startar. Nokre frivilligrupper hentar billettarmbandet sitt her og går direkte til stasjonen sin.
- **Bar og mat/kiosk** registrering, vaktskift, baseområde. Alle frivillige i bar og mat/kiosk blir her registrerte og får utdelt ID-kort og vaktvest. Her blir du også henta for gjennomgang av rutinar og oppstart vakt. Du kan også bruke baseområdet som garderobe medan du er på vakt.

Om du vil inn på konsertområdet før du skal på vakt, hentar du billettarmband i skranken i teltet akkreditering/frivillig, slik at du får tilgang til festivalområdet.

Bruk publikumsinngangen når du ikkje har vakt. Personalinngangen skal berre brukast når du er på vakt og dermed går i vaktvest m/ID-kort.

Opningstider festivalområdet: Fredag kl. 15.00-01.00 | Laurdag kl. 14.00-01.00

➡ Informasjon og kontakt

www.malakoff.no/frivillig

www.facebook.com/frivilligmalakoff

www.instagram.com/frivilligmalakoff

Du får tekstmelding(ar) frå oss før festivalen, med vakttid(ene) som gjeld di(ne) vakt(er).

Vi er avhengige av at alle frivillige stiller på vakt. Viss du likevel ikkje kan møte som avtalt, er det svært viktig at du gir beskjed omgåande!

Kontakt oss gjerne om du har spørsmål eller innspel!

Tekstmelding til 468 777 63

E-post frivillig@malakoff.no

Facebook-melding til www.facebook.com/frivilligmalakoff

Under festivalen kontaktar du din næraste leiar, eller skranken i teltet frivillig/akkreditering

👏 Frivillig-godar:

- **Handlenett eller buff** som kan hentast i teltet akkreditering/frivillig dei to festivaldagane
- **25 prosent rabatt på Malakoff-merch**
Før festivalen kan du kjøpe merch på [Chatlet, Sport1 Alt!](#) mån-fre kl. 10-19, lau kl. 10-17.
Under festivalen kan du kjøpe merch i rockestæsj på festivalområdet.
- **Mat og drikke** når du er på vakt. Frivilligmat er i Valhall.
- **Hyggelege arbeidskollegaer, god musikk og eit fantastisk festivalminne!**
- **Gratis tilgang til konsertområdet:**

Barpersonell:

Har du vakt fredag eller laurdag kl. 17.30-01.00 får du festivalpass fre+lau.

Har du tidlegvaktene begge dagar, får du festivalpass fre+lau.

Vakttider: Fredag kl. 17.30-01.00. Laurdag kl. 17.30-01.00.

Fredag kl. 14.30-18.15 OG laurdag kl 13.30-18.15

Mat/kiosk:

Har du vakt fredag eller laurdag kl. 18.30-01.30 får du festivalpass fre+lau.

Har du tidlegvaktene begge dagar, får du festivalpass fre+lau.

Vakttider: Fredag kl. 18.30-01.30. Laurdag kl. 18.30-01.30.

Fredag kl. 14.30-18.15 OG laurdag kl 13.30-18.15 - for ungdom og lag

Miljøvakt:

Har du ei vakt får du gratis tilgang til konsertområdet utanom vakttida den dagen

Har du to vakter får du festivalpass fre+lau.

Vakttider fredag: Skift1 kl. 14.15-20.30 Skift2 kl. 19.30-0130

Vakttider laurdag: Skift1 kl. 13.15-20.30 Skift2 kl. 19.30-0130

Andre frivilligrupper har egne reglar, basert på vaktlengde og type oppgåve.

Frivillige som gjer festivaldugnad for lag/org får lagsbetaling, ikkje gratis festivaltilgang.

Gratistilgangen er personleg og kan ikkje gjevast til andre enn den frivillige.

Parkering:

Har du anledning til å **sykle eller gå** til festivalområdet, er det supert! Sykkelstativ finn du ved hovudinngangen. Det er avgrensa med parkeringsplassar i nærleiken av Malakoff. Køyrende bør parkere i nordre del av sentrum; ved Eid idrettshus og på offentlege parkeringsplassar i dette området. Her er det godt med plass og berre få minutt å gå til festivalområdet. Av tryggleikssyn håper vi du vil respektere dette.

Frivilligmat:

I Valhall er det pauserom med mat og drikke for frivillige som er på vakt. Opningstid kl. 10-24. Du avtaler pausetidspunkt med din leiar. Festivalen treng deg, så ikkje sit for lenge. Meny: Brødmatt, pålegg, frukt, vatn, kaffi mm. Varmmat frå kl. 14.00: Betasuppe mm.

Toalett:

Frivillige brukar dei ordinære toaletta inne på festivalområdet, samt i Valhall.

Garderobe:

Medan du er på vakt: Miljøvakter og campvakter kan bruke baseområdet i Valhall som garderobe. Barpersonell og mat-/kioskpersonell kan bruke baseområdet i teltet akkreditering/frivillig.

Armband:

Alle som er på festivalområdet skal ha armband. Også frivillige. Type band er avhengig av kva oppgåve du har. Sjå informasjon i punktet «Frivillig-godar».

Oppgradering av armband, kjøp av camptilgang mm kan du gjere i teltet akkreditering/frivillig.

Er du frivillig for eit lag som får betalt for dugnadsjobben, får du eige frivilligband som skal brukast berre når du er på vakt. Ein får ikkje både lagsbetaling og gratis festivaltilgang.

Om du vil inn på festivalområdet som publikummar før du skal på vakt, melder du deg i skranken i teltet akkreditering/frivillig for å få armband. Bruk festivalinngangen når du ikkje har vakt, personalinngang skal berre brukast når du er på vakt.

Arbeidsantrekk:

Kle deg etter vær og arbeidsoppgåve! Alle frivillige får utdelt vest (og forkle i mat/kiosk) når du kjem på vaktregistrering. Vest og forkle skal leverast inn når du går av (kvar) vakt.



ID-kort:

Alle frivillige får utdelt ID-kort som skal brukast når ein er på vakt, og leverast inn etter kvar vakt.



Rockestæsj/merch:

Alle frivillige får handlenett eller buff, samt 25 prosent rabatt på all Malakoff-merch.

Handlenettet eller buff hentar du i teltet akkreditering/frivillig dei to festivaldagane.

Merch kan du før festivalen kjøpe på [Chatlet Sport1 Alti](#) måndag-fredag kl 10-19, laurdag kl 10-17.

Under festivalen kan du kjøpe merch i rockestæsj på festivalområdet.



Tryggleik:

Malakoff ønskjer at alle skal ha trygge og gode opplevingar på festivalen, om dei er gjestar, aktørar eller frivillige. Vi har ein vaktstyrke med frivilligvakter, innleigd vaktelskap Protect og politi. Desse har eit spesielt fokus på tryggleik, men det er vårt felles ansvar at alle har det trygt og godt. Kontakt din næraste leiar, eller uniformert vakt om du opplever eller ser noko som er farleg eller på annan måte uholdbart.

Førstehjelp:

Eid Røde Kors Hjelpekorps er til stades på festivalen. Dei held til i og ved Valhall. Treng du hjelp? Gå dit eller ta kontakt med ein av festivalvaktene, miljøvakt eller vekter frå Protect.



Ta vare på hørselen din:

Øyrepropper er tilgjengelege for frivillige på vakt. Publikum kan få øyrepropper på standen til vår generalsponsor Sparebank1 Sogn og Fjordane. Publikum kan kjøpe hørselsvern til barn i rockestæsjteltet midt på festivalområdet, til ein svært rimelig pris. Hørselshemmedes Landsforbund har også stand ved inngangen der dei deler ut gratis øyrepropper til publikum.



Avfall, miljø:

Vi har eit felles ansvar for at det er reint, ryddig og triveleg på Malakoff. Ser du avfall på bakken, plukk det opp og kast det på rett stad ved avfallspunkt. Ser du fulle sekkar, byt dei ut og kast dei i riktig kontainer ved P10-porten. Kontakt din næraste leiar ved spørsmål.

Malakoff har miljøgebyr på plastglas. Det inneber at første gongen publikum kjøper drikke, betaler dei 20 kroner i gebyr. Når dei har med seg glaset i baren ved kjøp av ny drikke, får dei nytt glas utan å betale nytt gebyr. Dette bidreg til ryddigare festivalområde, og meir av plasten går til gjenvinning.



Camp og overnatting:

- Sjekk informasjon om og kjøp billett til overnatting her: malakoff.no/overnatting
- Frivillige kan kjøpe tilgang til festivalcampen med eller utan teltplass, kartent eller lavvo på www.malakoff.no. Der kan ein også kjøpe bubilplass.
- Camptilgang krev festivalpass fredag+laurdag.
- Om du skal slå saman gratis frivilligtilgang med kjøpt campbillett for å få tilgang til campen, ordnar du det i skranken i teltet akkreditering/frivillig.
- Overnatting: Teltplass, bubilplass, lavvo, kartent må kjøpast i tillegg på www.malakoff.no.

Generell informasjon:

www.malakoff.no

Transport

- Sjekk www.entur.no for offentlig transport
- På www.nordfjord.no finn du ymse reiseinformasjon
- **Ekstra bussruter** heim etter festivalen fredag og laurdag. Bussane går frå Eid rutebilstasjon kl 01.30 til Sandane, Førde, Grodås, Stryn, Måløy, Selje/Stadlandet (via Allmenningsfjellet). Billettkjøp på bussen, 200 kroner.

Mat og drikke

Malakoff tradisjonell og deilig rockemat som rockeburger, rockefries, rockepølser og rockesveler på festivalområdet. Der har også Aske, Los Tacos og Gardsbrenneriet standar.

Gratis vannstasjonar finst på festivalområdet.

På festivalområdet er det ikkje tillate å ta med inn eige mat og drikke.

Aldersgrenser

- Det er inga aldersgrense på konsertområdet
- Barn under 12 år går gratis i følge med ein vaksen
- Konsertområdet har eige barområde med 18 års aldersgrense
- På campen er det 18 års aldersgrense

Kontantlaus festival

Du kan ikkje betale med kontantar på Malakoff. Sidan vi ikkje har ein fast utsalsstad, er det ikkje krav om at festivalen må ta imot kontantar.

! Ikkje tillate på konsertområdet:

Medbrakt mat og drikke. Grill/anna påtenningsutstyr. Skarpe gjenstandar, t.d. paraply. Campingutstyr (telt, stolar, luftsofa osv.) Hund eller andre husdyr. Video- eller lydopptaksutstyr. Speilreflekskamera. Selfiestang. Flasker og termosar. Gjenstandar forbodne etter norsk lov. Vaktene kan nekte publikum å ta med gjenstandar dei vurderer kan vere ein risiko inne på festivalområdet, men dei kan også utvise skjønn om du har spesielle behov.

⚠ Ikkje tillate på campområdet:

Glasflasker. Partytelt. Grill, gassflasker. Parasoll. Aggregat. Møblar. Kniv, våpen. Dyr. Gjenstandar forbodne etter norsk lov.

Vaktene kan nekte publikum å ta med gjenstandar dei vurderer kan vere ein risiko inne på campområdet, men dei kan også utvise skjønn om nokon har spesielle behov.

Hittegods:

- **Funne på konsertområdet:** Blir levert i rockestæsjeltet i opningstida til festivalen eller i skranken i teltet akkreditering/frivillig – opningstid kl. 10.00-01.30.
- **Funne på camp:** Blir levert i skranken i teltet akkreditering/frivillig – opningstid kl. 10.00-01.30.
- **Finn du tapt gods,** lever i rockestæsjeltet eller skranken i teltet akkreditering/frivillig.
- **Etter festivalen,** frå måndag 21. juli, kan du kontakte Turistinformasjonen i Kulturhuset Gamlebanken for spørsmål om hittegods. Alle kort/sertifikat vert leverte inn på Stad lensmannskontor på Nordfjordeid måndag 21. juli.

#hjartetifestivalen #denbestefestivalopplevinga

Speletider:

FREDAG 18.JULI		LØRDAG 19.JULI	
Kjartan Lauritzen	23:50	Band of Horses ^(US)	23:50
Honningbarna	22:50	PUNCHING BAG ^(US)	22:55
Eagles of Death Metal ^(US)	21:20	Ramón	21:45
Nova Twins ^(UK)	20:25	Fjorden Baby!	20:50
The September When	19:10	The Hellacopters ^(SE)	19:40
The Impossible Green	18:15	SNAYX ^(UK)	18:45
The Clumps	17:30	Punchbag ^(UK)	18:00
Astrid S	16:20	Rotlaus	17:00
Andreas Rotevatn	15:25	Tidstyv	16:15
		SKAAR	15:20
		The Pink Robots	14:25

 18.-19.JULI 2025  Pur glede i Malakoffparken  **MALAKOFF25**

www.malakoff.no/frivillig
www.facebook.com/frivilligmalakoff
www.instagram.com/frivilligmalakoff

